



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Liv Sørevik, 5557 2267

Vår dato
17.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/13481 755
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartement
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

HØRINGSUTTALE - ENDRINGAR I VERJEMÅLSLOVA M.V. – TEIEPLIKT OG BEVISFØRING FRÅ OPPNEMNDE VERJER

Vi viser til Justis- og beredskapsdepartementet sitt brev av 19.10.2016 *Høring – endringer i vergemålsloven mv. (taushetsplikt og bevisføring frå oppnevnte verjer)*.

Høyringsfristen er sett til 17.01.2017.

Fylkesmannen i Hordaland er samd i at det er behov for at verja si teieplikt vert nærare regulert og presisert i lovverket. Vi er i hovudsak samde i dei vurderingane og dei framlegga til endringar som departementet har lagt fram i høringsnotat av oktober 2016. Vi har likevel nokre kommentarar.

Til verjemålslova

Når det gjeld dei endringane som er føreslått i verjemålslova § 46, sluttar vi oss til dei. Det er i den verjetrengande si interesse at ein stramar inn høvet til å gje opplysingar, og at ein krev at det skal vere naudsynt.

Vi har ikkje innvendingar til at tilsvarande innstramming vert gjort i verjemålslova § 65 om verjemålsstyresmaktene si sakshandsaming. Ein kunne moglegvis på same tid sett nærare på § 60 om at Fylkesmannen *skal* gje underretning til nære familiemedlemmer. Er det til dømes sikkert at det alltid er i den verjetrengande si interesse at foreldra vert varsla om verjemål som gjeld vaksne born?

Til tvistelova og straffeprosesslova

I dag er hovudregelen at den verjetrengande må samtykke til at verja kan gje forklaring for retten.

Fylkesmannen i Hordaland er av den oppfatning at det særleg i saker som gjeld fråtaking av rettsleg handleevne etter verjemålslova § 22, er naudsynt med ei særskilt lovregulering av høvet til å føre bevis som er omfatta av ei oppnemnd verje si teieplikt. Dette er indispositive saker. Verja sitt vitnemål om korleis verjemålet fungerer og kva som er bistandsbehovet vil i dei fleste tilfella vere naudsynt for å få saka tilstrekkeleg opplyst for retten. Den verjetrengande vil ikkje alltid gje samtykke til fritak frå teieplikta.

Fråtaking av rettsleg handleevne krev ikkje samtykke frå den det gjeld, jf. verjemålslova § 20 andre ledd siste punktum. Avgjerda skal verne den verjetrengande mot eigne uheldige disposisjonar eller handlingar. Slik Fylkesmannen ser det, bør då heller ikkje den verjetrengande sitt samtykke til føring av bevis i saka vere avgjerande. Retten bør kunne ta stilling til om det er naudsynt i den enkelte saka. Fylkesmannen har difor forslag til nytt fjerde ledd i departementets forslag til vl. § 22-3 a fjerde ledd:

Det kan ikke føres bevis når dette vil krenke en oppnevnt verges lovbestemte taushetsplikt etter vergemålsloven.

I den utstrekning personen med verge ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer, kan retten ved kjennelse beslutte om beviset kan føres.

Det samme gjelder hvis personen med verge er mindreårig og ikke selv kan samtykke, og vergen treffer avgjørelser som tilkommer den som har foreldreansvaret etter vergemålsloven § 17 annet ledd. Om den mindreåriges medbestemmelsesrett ved rettens beslutning gjelder reglene i barneloven § 31.

I saker om fratakelse av rettslig handleevne, kan retten ved kjennelse beslutte at vergen skal forklare seg når vergens forklaring anses nødvendig for opplysning av saken, selv om den vergetrengende ikke gir sitt samtykke.

Vi foreslår tilsvarende formulering i straffeprosesslova, ny § 118 b.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Kari Tepstad Utvær
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.